Lagsbruka på Notodden.

Det meste etter møteboka til lagsbruksstyret.

Om eit lagsbruk skal gå eller ikkje kjem mykje an på dei som styrer med det. Nett som med andre forretningar. Men med ei privat forretning er det no slik at til meir eigaren strevar og til meir dugleik han legg i arbeidet til meir vinning har han von om å få. Anleis med eit lagsbruk. Dei som gjeng i brodden her gjer det av ideelle grunnar for å tena ei sak dei har huglagt. Nokor personleg vinning har dei ikkje von om å få i noko høve. Helst slit og stræv og kanskje utakk att i stubben. På slike vilkår skal det noko til å halda ut, serleg med motgang og vanskar av alle slag. Skulde ein tenkja vel over dette når ein tek til med lagsbruk, so var det kanskje ingen som våga legge i veg. Men heldigvis er det alltid dei som vågar spranget, og som regel gjeng det bra. Det sannar seg det gamle ordet at den som ikkje vågar noko han vinn ikkje noko heller. Og det ser ut som at dei menn som trengst til å føra eit arbeid fram, dei veks fram med oppgåvune, utan at ein fyreåt kan peika på mannen eller mennene og seia: Der har me dei.

Når ein no ser attende på det arbeid som lagsbruksstyret for Bondeheimen og Telestova på Notodden har gjort sidan 1918 og til no, so er det underleg at dei ikkje har gjenge trøytte. Vanskar har det vore nøgda av mest heile tida. So lenge det gjeng framover er det so si sak. Men når vanskane haugar seg opp på alle kantar slik som det var her i landet etter den fyrste verdenskrigen, ja då er det sikkert ingen moro å stå for styret. Det fekk nok styret for lagsbruka på Notodden kjenna i fullt mon.

Telemark Ungdomslag hadde lenge fyre 1917 hatt planer om å reisa Bondeheim eller kaffistove. Spursmålet hadde vore framme på mange årsmøte Det var serleg når det var trongt om pengar

Bondeheimen på Notodden.

at planane kom fram, og pengevanskar var det jamnt. Då vart det sagt at laget laut få seg ei «mjølkeku».

So var det på årsmøtet i Sauland 1917 at T. B. Larsen kom med framlegg om Bondeheim og kaffistove på Notodden. Det kom noko hovudstups på fylkesstyret og dei fleste utsendingar, so dei var tvilrådige til å byrja med. Men T. B. Larsen gav seg ikkje og han fekk god studnad av utsendingane frå Bondeungdomslaget på Notodden, A. A. Ryen og Olav Kasin. Det enda med at årsmøtet gav fylkesstyret frie hender til å settja planen i verk, om dei såg seg syn med det. Planen gjekk stutt ut på: Notodden Handelsstand sel til Telemark Ungdomslag garden «Solvang», Torget 2, Notodden, med Grand hotell i 2. og 3. høgda, og frk. Gulseth sel hotellinnbuet. Prisen på garden var kr. 120.000,— og hotellinnbuet kr. 16.580,—.

Det var eit vanskeleg arbeid å få dette store tiltaket i sving. Ein må hugsa på at Telemark Ungdomslag åtte ingen ting å settja inn. Ein måtte låna alt. Overretssakførar Ketil Skogen var til stor hjelp med fyrebuinga.

Lutlaget Bondeheimen, Notodden, vart skipa med ein lutmedel på kr. 1.000,—. Av dette åtte Telemark Ungdomslag kr. 900,—. Av dei andre lutene hadde T. B. Larsen, A. A. Ryen, Olav Kasin

og Johs. Tveitan kvar 2 luter á kr. 10,— og Olav Eide og Åsm. Kittelsen kvar ein lut. Telemark Ungdomslag hadde soleis alt å seia, og dette lutlaget er det då som eig og driv Bondeheimen og Telestova på Notodden. Eit lagsbruksstyre på 5 medlemer stend for drifta.

Då krigen kom i 1940 og nasistane tok makta i Noregs Ungdomslag, hadde styret i Telemark Ungdomslag og lagsbruksstyret i millomtida utvida lutmedelen med kr. 2.000,— på private hender slik at Telemark Ungdomslag ikkje lenger hadde makta i lutlaget. Dette var ei naudrådgjerd for å hindra at det nasistyrde N. U. skulde få noko å seia med lagsbruka. Og dette lukkast. Dei nye luteigarane hadde plikt til å selja lutene sine til Telemark Ungdomslag for sjølvkostnad når det atter vart normale tider.

Det var interessera folk frå Notodden og neraste bygder som garantera for dei store pengelån som måtte til for å kjøpa garden Solvang ved Torget på Notodden. Dertil pengar til innreiding av Telestova og utstyr av alle slag til hotell Bondeheimen. Hotellet vart opna i januer 1918 og Telestova i april 1919. Ialt gjekk det med kring kr. 200.000,— til dette. Smått og jamt vart skulda betalt ned til ho no er ei 40—50.000,—, og endå har dei no bankinnskot som veg opp ein stor mun av dette.

Dei som har stade for styringa har ikkje kome sovande til eit slikt resultat. Mange og store vanskar var det jamt. Når dei fekk løyst den eine floken laga det seg jamt nye. Det er vanskeleg få eit gamalt hotell innreidd so det høver til tida. Slik var det ogso med Solvanggarden på Notodden. Huset høvde nok til tida den gongen det vart bygd. Men krava til eit fyrsteklasses hotell hev stadig vorte større. Å få desse krava stetta innan råma i eit gamalt bygg, det er ikkje greidt. Det har lagsbruksstyret fått kjenna so mang ein gong.

Det fyrste som styret tok fatt på var å få eit tidhøveleg sanitæranlegg. Det var ikkje rare greiene frå fyrsten. Det var «bøttesystem» plasera i eit lite kott i trappeoppgangen. Ein av fyrste formennene nemnde dette i mest kvart møte med desse orda: «So har me noko her ute i trappa som lyt rettast på». Og det vart retta på. Det kom moderne vassklosett, fyrst i 2. høgda, seinare ogso i 3. høgda og der med bad. Slik vart det retta på snart det eine og snart det andre. Men aldri vart det slik styret gjerne vilde ha det for å få eit fyrsteklasses hotell. Tidleg kjem han fram tanken om heil modernisering av garden. Det kjem likevel ikkje lenger enn til tanken, for det blir eit mykje kostbart tiltak. Eit anna spursmål er husrom

for tenarane. Då Solvang vart kjøpt, var det fleire husvære i garden som var legde bort til private. Etter kvart som forretningane kom i gang vart det bruk for meire rom. Det galdt å få mest mogleg hotellrom å leiga ut for søknaden til hotellet var god. Etter kvart fekk dei ut dei private leigarane. Den siste måtte dei betala kr. 1.000,— for å få han til å flytja. Framleis var det bruk for fleire rom. Det vart då arbeidt ut planar for å innreida 4. høgda til tenarrom. Dette stranda på pengevanskar. Dei kjøpte so ein leigegard, Høybødalen 3, for å få plass til tenarane der, men dette baud på mange vanskar og synte seg lite praktisk. Etter eit års tid vart Høybødalen selt. Attåt alle desse daglege vanskar med å få pengane til å rekke til til alle dei krav som stadig melde seg, so kom dertil eit spursmål som syntes å stansa for godt heile tiltaket.

Som fyre nemnt var det interessera folk som hadde trygda for pengane som vart lånt i Heddal sparebank. So kom nedgangstidene etter verdenskrigen. Og i midten av 1920 åra snørde den økonomiske krisa seg ålvorleg saman. Dei som hadde trygda for dei store låna fekk meir enn nok å gjera med sine eigne affærur. Fyresetnaden og avtalune for avbetaling på låna hadde lagsbruka ikkje greidt å halda. Bankane hadde og vanskar. Det var knapt om pengar for alle. Krava på avdrag vart strengare og strengare. Garantistane nekta stå lenger — eller bad om å sleppa. Det var stadig dryftingar og styret vreid seg frånom det eine økonomiske skjeret etter det andre. Men det var berre korte utsettinger, og det vesle pusteromet styret fekk på denne måten vart utnytta til å søkja etter nye finansieringsplanar. Styret fekk juridisk hjelp og søkte i aust og vest for å finna ny plasering for låna, m. a. storbankar og andre pengeinnretningar. Men det var nei over alt. Det var ikkje uvilje eller misstru til lagsbruka som var skuld i dette, men den ålmenne økonomiske krisa som gjekk over landet i den tida. Dette synte seg og i sjølve forretningsdrifta. Hotellprisane gjekk ned både på rom og mat. Tenarlønene likeins. Med spinking og sparing greidde styret spara saman so det vart noko til avdrag på låna etter kvart. I 1927 såg det reint vonlaust ut, og styret tenkte på å selja garden eller leiga bort forretningane. Men det kom ingen bruklege tilbod. Det synte seg at det som ikkje lagsbruksstyret såg seg syn til å greida, det var det heller ingen annan som trudde det nytta med. Men då det såg mest vonlaust ut, vart det likevel ei løysing denne gongen og. Det var i 1928. Fyrst fekk dei overført noko av lånet til Østlandske kreditforening og noko til Norges Bank i Skien, reisten vart stan-

dande i Heddal sparebank. Det var nokso strenge lånevilkår, men det var likevel ei ordning og sikkert den beste som var å få på den tida. Dei gamle garantistane slapp frå trygdeansvaret. No var det berre forretningane og garden som trygda for lånet. Ein som ytte styret verdfull hjelp med denne låneordninga var Johannes Rød frå Siljan.

No var det eit par gode år, men 1931 vart dårleg og i 1932 kom krisa for Norsk Hydro. Salpeterfabrikane på Notodden hadde vore ein av dei økonomiske pilarane som byen Notodden var tufta på. Det vart vanskeleg for Hydro å få drifta til å løna seg slik det var ordna med fabrikar på Rjukan og Notodden. Det måtte ei omlegging til. Den gjekk ut på å flytja salpeterproduksjonen ned til Herøya. Dette var eit hardt slag for Notodden og missmot og vonløyse helt på taka trua frå nokon kvar som dreiv forretning der.

Lagsbruka er atter ute i hardt ver. Styret har millom alle andre planar atter oppe tanken om å leiga bort Bondeheimen og Telestova. Men det gjekk no som det gjekk fyrste gongen denne planen var framme. Det var ingen som trudde seg til å greida det betre enn lagsbruksstyret sjølv. Det kom ingen bruklege tilbod. Sumaren 1932 skipa styret til Olsokstemne på Notodden og overskotet gjekk til lagsbruka. Dette hjelpte noko, og med ei gjenomført økonomisk drift slarka og gjekk det gjenom denne trengselstida og. Trongt og smått gjeng det frametter. I 1936 tek det til å ljosna, og i åra framover til verdenskrigen i 1939 gjeng det rette vegen. Det er likevel vanskeleg, for alt som kan skrapast saman gjeng til avdrag på låna, men dei gjeng då ogso ned etterkvart, og det gjev eit stødare økonomisk grunnlag for lagsbruka. Prisane på hotellet og Telestova vert pålagde samstundes som lønene stig.

I 1939 er styret kome so langt med arbeidet for utviding og modernisering at planane vart vedteken på eit sammøte med lagsbruksstyret og styret i Telemark Ungdomslag den 29/4 1939. Det skulde skipast eit lutlag med ein lutmedel på minst kr. 35.000,—. Men so kom verdenskrigen, og den uvissa som denne skapte gjorde at planane vart utsett til so lenge. I 1939 var det tarifforhandlingar som enda med organisera lønsavtalor for tenarane. So kom krigen hit til landet i 1940. Det gjekk likevel bra med forretningane både i 1940 og 1941. Men sist i februar 1942 rekvirera tyskerane Bondeheimen og Telestova slik det stod. Det styret fekk halda undan av mat og utstyr vart flutt over i leigde lagerrom ute i byen. Styret freistar få leiga lokale for Telestova, men for skuld materialvanskar

o. a. må dei gjeva det opp. Tyskerane gjev forretningane fri i desember 1942. So er det å gå i gang med å rigga til att. Det er ikkje so liketil, men i grove trekk er alt i orden fyrst i februar 1943 so lagsbruka kjem i gang. Det vart betalt leige for lagsbruka i den tida tyskarane hadde dei og dertil ei erstatning for skade på innreiding og utstyr. Våren 1944 og til hausten same året vart lagsbruka atter rekvirera. I oktober 1944 fær styret på nytt sett i gang Telestova og etterkvart Bondeheimen. Men nasistyret på Notodden tok 3 leilighetar i Bondeheimen då tyskerane fyrste gongen gav Bondeheimen fri, og desse husvære fekk ikkje Bondeheimen att, og det var til stor skade for hotellet.

So er me komne fram til 1945, og mai kom med fred og fridom for det norske folket. Lagsbruksstyret som har stridd seg gjenom både krig og annan motgang gjeng atter på med friskt mot. Dei har atter teke fram planane om modernisering som vart lagde bort i 1939. Det er å vona at tidene må bli slike at dei kan førast ut i livet om ikkje so lenge.

Me skal her nemna dei som har vore formenn i lagsbruksstyret:

T. B. Larsen 12/1 1918 til 28/6 1918.
A. A. Ryen 28/6 1918 til 5/11 1919.
H. H. Saga 5/11 1919 til 12/6 1920.
Olav Kasin 12/6 1920 til 31/8 1920.
Finngar Børdalen 31/8 1920 til 22/7 1922.
A. A. Ryen 22/7 1922 til 30/4 1924.
Mathis Tinne 30/4 1924 til 8/6 1926.
A. A. Ryen 8/6 1926 og fram til no.

Liste over alle dei som har vore med i lagsbruksstyret etter møteboka. (Åra dei var med og samla møte dei har møtt på.):

T. B. Larsen 1918—1919, 21 møter.
Olav Kasin 1918—1920, 1928—1935, 53 møter.
Olav Eide 1918, 5 møter.
H. H. Saga 1918—1923, 16 møter.
Marie Dalen 1918—1921, 1927, 50 møter.
Marie Melbye 1918, 1921—1923, 16 møter.
Johs. Tveitan 1918, 4 møter.
S. J. Hustvedt 1918, 7 møter.
A. A. Ryen 1918 og alle år seinare ÷ 1920, 196 møter.
M. M. Kleppen 1918—1919, 12 møter.
G. M. Tinne 1920—1921, 5 møter.
A. O. Holla 1920—1928, 43 møter.

Lagbruksstyret 1945.

O. Smylingsås. Rolleiv Kåsa. Hans Ro. Sverre Groven. A. A. Ryen, form. Hølje Dale. Tone Øygarden. Minnie Ertesvaag, husmor. Nanna Sørensen.

O. O. Håve 1920—1921, 2 møter.
Finngar Børdalen 1920—1922, 32 møter.
Marie Haugebirke 1921—1922, 13 møter.
Anlaug Seljord 1922, 1 møte.
Mathis Tinne 1922—1927, 30 møter.
Helga Årnes 1922—1928, 31 møter.
O. L. Sauar 1923—1937, 56 møter.
Hilda Østdahl 1928—1929, 13 møter.
Halvor Tveiten 1928—1937, 54 møter.
Tone Øygarden 1928—1945, 111 møter.
Johs. Rød 1929—1933, 4 møter.
Hølje Dale 1934—1935, 15 møter.
Signe Vågen Grosvoll 1934—1938, 15 møter.
Sverre Groven 1936—1945, 53 møter.
Hans Roe 1938—1945, 60 møter.
Nanna Sørensen 1938—1945, 55 møter.

Ved eit attersyn som dette er det grunn til å hugsa på alle dei dugande tenarane som gjenomalle år i vonde og gode dagar har

gjort eit godt og samvitsfullt arbeid for lagsbruka. Det kunde vore verdt å nemna kvar einskild, men det vert det ikkje plass til her. Men me seier alle hjerteleg takk.

Den fyrste husmora var *Mari Melby* frå Sauland, dreiv sjølv hotell, men for saka si skuld var ho viljug til å hjelpa til i fyrstninga. Det var mange som hjelpte til for hugmålet si skuld dei fyrste åra. Såleis var det ofte at me karane stod i skjolet og hogg ved, nørde opp på roma og hjelpte til med så mange ting. Det var fleire gonger at gode ungdomslagslemer søkte gjentepost på Bondeheimen, ikkje for lona si skuld, for den var skral den gongen, men berre for Bondeheimens si skuld.

Frk. Mina Pedersen vart fast tilsett husmor i 1918, og ho er den husmora som har vore lengst på Bondeheimen. Det var alltid eit godt samarbeid med henne og lagsbruksstyret.

Frk. Anna Tveiten, Bø, var husmor nokre år. Ei dugande og roleg kvinne som gjorde sitt beste og ofra seg heilt for Bondeheimen.

Fru Eggseth, Ørstavik, var husmor eit par år. Ei greid og real husmor som vart framifrå godt lika både av gjester og tenarar.

Frk. Ellen Haugland, Svolvær, husmor frå 1940 til ho overtok hotell Lofoten i 1942. Eit arbeidsjarn som greidde få sving i drifta i denne vanskelege tida.

Frk. Minnie Ertesvåg, Ålesund, var husmor resten av krigsåra i den tida me var fri tyskerane. Etter krigen kom frk. Ellen Haugland att som husmor. Av dei som har styrt Telestova vil me nemna

Frk. Ragnhild Vasshus, Rauland. Ho vart husmor på Telestova frå 1930 og nokre år framover. Dette var ei god tid for Telestova med overskot kvart år. Elles har Telestova jamt hatt husmor saman med Bondeheimen.

Av dei valde tillitsmenn må me og nemna revisor O. O. Smylingsås og ikkje å gløyma Rolleiv Kåsa som i alle år har vore den trygge rådgjevar for styret når det galdt rekneskapen. Kveld etter kveld har desse to karane sete med rekneskapen utan å få eit øre for det.

Det er mykje verdfull, men ulønt hjelp lagsbruka har fått ved det arbeid som lagsbruksstyret og andre valde tillitsmenn har ytt. Serleg har det falle mykje arbeid på formennene i lagsbruksstyret.

Millom desse er det ein som skil seg ut omfram. Det er A. A. Ryen. Praktisk tala har han vore med i styret sidan 1918. Det vil si i kring 28 år, og av dei åra formann i 23. Han har vore med på 196 bokførde møter. Endå gjev ikkje dette noko bilæte av det

arbeid han har lagt ned. Formannen for lagsbruka må dagleg fylgja med i arbeidet. Og Ryen har aldri spart seg. Interessera og iderik har han med eit ukueleg pågangsmot gjenge laus på uppgåvune om dei var aldri so flokute. Og løysing og utvegar fann han alltid. Han har ikkje berre interessa sjølv, men han kveikjer ogso interesse for uppgåvune hjå dei som arbeider saman med honom, slik at alle med glede gjeng til arbeidet.

Det er ogso verdt å nemna dei hyggelege sammøtene som eit par gonger for året vert skipa til på Bondeheimen saman med lagsbruksstyret og styret i Telemark Ungdomslag. Det er fyrst arbeidsmøte der det er dryftingar om forretningane med oversyn over det som er gjort og med planar for framtida. Etterpå er det mat og kaffi og hyggeleg samvær i Salongen med underhald både i skjemt og ålvor. Ryen har alltid noko omfram å by på. Her er det både lekamleg og andeleg kveik å få. Det fulltalige frammøte til desse samkomune er det beste prov for at alle likar seg. Dei som er gifte vert bedne taka «den betre halvdeilen» med, og denne oppmodinga vert gjerne fylgt. Og møta har sikkert ogso vore til stor nytte for det frilynde ungdomsarbeid i Telemark. Her har fylkesstyret høve til å koma saman for å dryfta planane for ungdomsarbeidet, og dei reiser heim att med nytt mot og frisk arbeidshug til å ta fatt på arbeidet. Sjølv om Telemark Ungdomslag ikkje har fått so stor økonomisk støtte frå lagsbruka ellers, so er desse samkomune so verdfulle at dei er verdt å rekna med. Og det er å vona at desse samkomur ogso i framtida må ha den lukkelege evne til å gjeva åndeleg kveik slik som dei har gjort det hittil.

Hølje Dale.